

# Stord Venstre



«Lokaldemokratiet er berebjelken i eit levande folkestyre»

Håkon Frode Særsten  
Ordførarkandidat for Venstre



venstre

# Kjære medborgar!

Lokaldemokratiet er berebjelken i eit **levande folkestyre**. Eit reelt lokalt sjølvstyre vil kunna skapa ulike løysingar basert på ulike behov.

Skal me lokalt ha høve til å tilby innbyggjarar **gode velferdstenester** kan me ikkje overlata debatten til Stortingspolitikarane. Det er vår plikt å synleggjera kva som skal til for å ivareta velferdstilbodet og korleis me skal organisera oss for å klara det.

Venstre er Noregs liberale parti. Vår politikk sameinar personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me legg særleg vekt på fire politiske hovudområde: Skule, miljø, småbedrifter og velferd. **Menneske er viktigare enn system**. Difor set Venstre folk først.

**Håkon Frode Særsten, ordførarkandidat**



# Nærings og nyskaping

Det er ingenting som byggjer eit samfunn som **nyskapande idear** og fridomen til å gjennomføra dei. Stord Venstre ser på det som essensielt for Stord Kommune og regionen vår at ein får ei vidare satsing på næringslivet.

Stord er ein kommune med mange **nye verksamheter**. Nye verksemder, gründerverksemd og nyskaping er naudsynt for at samfunnet skal gå framover. Me ser at ein er avhengig av dei skapande næringane for å kunna gjenomføra dei verdifulle arbeidsoppgåvene.

Verdiskapande arbeid er å skipa noko nytt, enten det er ein båt, plattform, dataprogram eller matforedling. Verdifullt arbeid er helse, skule, konsulentarbeid osb. Grunnen for at det er

viktig med eit slikt skilje, er at **verdiskaping** er det som betalar for det verdifulle arbeidet. Venstre vil leggja til rette for verdiskaping på Stord. Då vil dei verdifulle arbeidsoppgåvene innan kommunesektor, helse og skule få betre kår og eit kvalitativt løft.

Les meir om vår næringspolitikk på  
**[www.stord.venstre.no](http://www.stord.venstre.no)**



# Ein miljøvennleg kommune

Stord kommune er **ein miljøvennleg kommune**. Me kildesorterer, me har god luft og ladestasjon til el-bil i sentrum. Stord Venstre vil også at me skal satsa på kulturlandskapet, og aktivt gå for miljøvennlege løysingar, istadenfor å berre passivt avvisa forureinande løysingar. Venstres forslag kombinerer samferdsle, folkehelse og miljøtiltak.

## Venstre vil:

- Få realisert gang- og sykkelnettverket - det er på høg tid at dette vert eit samanhengande alternativ, slik at ein kan kryssa øya utan å utsetja seg for fare

- Gå for miljøvennlege og energisparande løysingar i offentlege bygg og nye utbyggingsar (ENØK)
- Fullföra og utvida dei gode turstiane, deriblant Vassenden til Rossneset, 'Rundløypa' i Hystadmarka, og etablera ein samanhengande tursti rundt Ålandsvatnet
- Få fleire beitande sau ut i marka - dette gir eit naturleg fjell- og kulturlandskap og opprettheld dei flotte tur-i-natur-områda våre



**«Naturen er  
noko me låner  
frå framtidige  
generasjonar»**

- Geir Angeltveit

# Born - Ungdom - Oppvekst

Ein skule for kunnskap og like moglegheitar krev **fagleg sterke lærarar**. Venstre vil gi alle lærarar tid og ressursar til fagleg påfull gjenom systematisk etter- og vidareutdanning. Me vil ha ein god skule for elevane, difor satsar me på læraren.

Framtida byrjar i klasserommet. Skulen si viktigaste oppgåve er å gi den enkelte elev **best mogleg kunnskapsnivå**, gode grunnleggande ferdigheiter og trua på eigne evner.

Individuell tilpassa opplæring og å jobba for eit **better arbeidsmiljø for elevar og dei tilsette** er viktig for å ivareta skulane sitt arbeidsmiljø. Eit dårleg arbeidsmiljø rammar læringa.

## **Venstre vil:**

- Ha meir fysisk aktivitet i barneskulen
- Ha ei eiga stilling som elevombod
- Ha full barnehagedekning
- Sikra drift av skulehelsetenesta og helsestasjonar for ungdom
- Styrke rådgjevingstenesta i skulen
- Få ungdommen trygt heim med eit betre busstilbod i helgene



# Ferjefri og trygg kyststamveg E39

Sunnhordland er ein av dei **sterkaste ver-diskapingsregionane** i heile landet. Det viktigaste fylkeskommunen kan gjera for å støtta opp under den gode utviklinga hjå oss er å sikra ein betre infrastruktur.

Det har vore mange ulykkjer på E39. Me treng å få fortgang i arbeidet med ein **trygg og ferjefri kyststamveg**. Omsyn til tryggleik i trafikken gjer at me må byggje midtrabattar heile vegen over Stord. Venstre vil prioritera ferjefri E39 før andre vegprosjekt.

*Anne-Beth Njærheim, Bømlo  
3. kandidat for Venstre til fylkestinget*

## **Venstre vil:**

- Prioritera utbygginga av ein sikker og ferjefri kyststamveg E39
- Gjera Leirvik til sentrum for ei ny einskaps-takstsone for buss
- Få fortgang i arbeidet med universell utfor-ming av ferjene



# Venstre si liste på Stord



1. **Haakon Frode Særsten**

(1956)

Næringsdrivande



2. **Peggy Husevik Bærøy**

(1946)

Ingeniør, Aker



3. **Odd Stuve Rommetveit**

(1952)

Dagleg leiar Podlen Verk.



6. **Geir Angeltveit** (1988)

Student og

ungdomskandidat

4. Jorunn Fylkesnes (1953)
5. Harald Nes (1935)
7. Ingjerd Helle Lorentsen (1977)
8. Runar B.Mæland (1988)
9. Marie Isdahl (1975)
10. Roald Sangolt (1946)
11. Bjørn Solvoll (1956)
12. Victoria Søilen (1970)
13. Gjertrud Husøy (1950)
14. Magne Trøyel Gravdal (1947)
15. Egil O. Kjønnborg Espeland (1958)
16. Svein Svendsen (1954)
17. Vigdis Olsen (1949)
18. Jan Olav Ådland (1967)
19. Reidar Aksnes (1953)
20. Sven Erik Aarnes (1942)

*... sjå resten av lista og heile programmet på:*

**[www.stord.venstre.no](http://www.stord.venstre.no)**